



Statens vegvesen

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Yvonne Hauge

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/14058-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
01.02.2019

Merknad – Dispensasjon fra byggegrense – Gjenoppføring og riving av bolig etter brann – Fv. 390 – Gnr. 179 bnr. 9 – Lindås kommune – Tiltakshaver: [Raymond Aase]

Statens vegvesen syner til søknad om dispensasjon frå byggjegrense mottatt 18.01.2019. Vi viser og til nabovarsel mottatt 30.01.2019.

Søknaden gjeld riving og oppattbyggjing av brannskadd bustad på eigedomen gnr. 179 bnr. 9 i Lindås kommune. Eigedomen ligg eit område som er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Søknaden skal difor behandlast etter plan og bygningslova av Lindås kommune.

Ved oppattbygging etter brann og liknande, må dette berre gjennomførast i samsvar med byggjegrense langs veg jf. veglova §35. Lindås kommune har vedtatt ei byggjegrense på 15 meter frå vegmidte på denne strekninga. Det skal normalt sett ikkje gjevast løyve til å oppføre bustadhus innanfor byggjegrensa, og dette gjeld også ved oppattbyggjing etter brann. Forbodet mot tiltak innanfor byggjegrensa gjeld normalt også til dømes for takutspring, verandaer, areal til parkering mm.

Statens vegvesen har ingen dokument knytt til denne eigedomen i våre arkiv. Vi har ikkje difor kjennskap til kva bruk eigedomen er godkjent for. Dersom søkjar kan dokumentere eit avkøyrsløyve vil dette vere ein fordel. Det er vanlegvis ikkje behov for nytt eller endra løyve så lenge tiltaket ikkje medfører endra bruk eller fleire bueiningar enn det som var tilfellet før brannen.

Dersom det vert søkt om utleigedel til bustaden, vil dette krevje eit nytt avkøyrsløyve. Vi vil vere kritisk til det skal leggst til rette for fleire bueiningar på denne tomta, så lenge det vert bygd og lagt til rette for tiltak innanfor byggjegrensa slik søknaden viser. Eit absolutt krav vil i vere at teknisk utforming av avkøyrsla og krav til at sikt skal vere tilfredsstillt.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Oppsummert:

Du må sende søknad om dispensasjon frå byggjegrense til Lindås kommune. Vi vil uttale oss meir konkret når vi får tilsendt dispensasjonssøknad til uttale frå kommune. Det må kome klart fram kva søknaden gjeld, mellom anna antal bueiningar, avstand frå vegmidte mm.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.